



Saksframlegg

Økonomigjennomgang 1st. tertial 2025 Plan og Teknikk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		17.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Plan og miljøutvalet

Bakgrunn for saka:

I samband med tertialkontrollane rapporterer kommunalsjefane til sine respektive utval om den økonomiske situasjonen i sektorane dei har ansvar for.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Drift:

I ordinær drift er sektoren i balanse. Det er noko meirforbruk på enkelte ansvarsområde, medan andre har mindreforbruk, men samla sett er det ein balansert økonomisk situasjon. Den tilleggsløyvinga kommunestyret vedtok til sektoren for straumkostnader og drift av kommunale vegar ser per 1. mai ut til å samsvare godt med dei reelle utgiftene.

Det har vore eit betydeleg press på bruken av sektorens ressursar til utbetring og vedlikehald, mellom anna ved ombygging av legekantoret og i 2. etasje på POS, i samband med tilbakeflytting av heimesjukepleia. Framover bør ein i større grad sikre at slike kostnadskrevjande prosjekt vert finansierte over investeringsbudsjettet, og ikkje frå drift, for å unngå at ordinære vedlikehaldstiltak får for lite midlar.

Sjølvkost:

Per 1. mai verkar det som om inntektene på sjølvkostområda ikkje samsvarar heilt med utgiftene. Dette skuldast truleg ei forsiktig budsjettering av driftsutgifter, samt at ein del næringsseigedomar berre blir fakturert éin eller to gonger i året.

Det er investert i eit verktøy som skal gjere det enklare å berekne sjølvkostgebyr og sikre at ein treffer 100 % sjølvkost. Verktøyet gir moglegheit for å ta med kalkulatoriske renter og avskrivningar. Det skal nyttast i forkant av budsjettarbeidet for neste år, for å danne eit betre grunnlag for fastsetting av framtidige gebyr på sjølvkostområda.

Per 1. mai er det registrert eit meirforbruk på vatn, avløp og renovasjon tilsvarande om lag kr 812.000.

Tilskot:

Det er utbetalt eit tilskot på kr 200.000 til Vest-Telemark Museum til stadnamnprosjektet.

Investeringsprosjekt:

- **Århusjordet** (løyving 2025: kr 5,1 mill.)
Førebels er det nytta om lag kr 1,2 mill. av årets løyving. Det vart overført noko meir frå fjorårets løyving enn venta, grunna låg forventet framdrift i 2024. Ein reknar med å ferdigstille prosjektet og etablere byggeklare tomter innanfor vedteken ramme.
- **Kulturhuset – foajé/toalett** (løyving 2025: kr 4,2 mill.)
Per 1. mai er det nytta om lag kr 3,7 mill. Prosjektet ser ut til å kunne fullførast innanfor ramma, inkludert det statlege tilskotet på kr 650.000 frå Kulturrom.
- **Kommunale vegar** (løyving 2025: kr 3 mill.)
Det er ikkje nytta midlar per 1. mai.
- **Rehabilitering/nye bustader** (løyving 2025: kr 4,5 mill.)
Det er ikkje nytta midlar per 1. mai.

Konklusjon:

Totalt sett er sektoren i rute i høve til budsjett, med unntak av sjølvkostområda, som krev særskilt merksemd framover. Det er viktig å unngå bruk av frie driftsmidlar til å subsidiere sjølvkostområda, då brukarane skal dekke desse kostnadene fullt ut. Det er trua på at ein kan jobbe vidare med å redusere framtidige underskot og sikre betre samsvar mellom inntekter og utgifter på sjølvkost.

Investeringane er så langt innanfor dei rammene som vart vedtekne i budsjettet.

Det må overførast kr 200.000 til ansvar 1303 i samband med utbetalinga av tilskotet til Vest-Telemark Museum.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for plan og miljø tek den økonomiske stoda i sektor plan og teknikk per 01.05. til vitande.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk